

ID 190.24  
AMH/thm

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland

## INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET / REPRESENTANTSKAPET

Fredag 12. april kl. 08.30, Haaheim Gard, Tysnes

### Tidsplan:

Kl. 07.30	Frukost
Kl. 08.30	Sakshandsaming
Kl. 10.30	Orienteringar: <ul style="list-style-type: none"><li>• Klimaråd Vestland v/ fylkesvaraordførar Stian Jean Opedal Davies (30 min)</li><li>• Arve Helle, leiar samferdsel og mobilitet VLFK (30 min)</li><li>• NTP v/ Sigbjørn Framnes (15 min)</li><li>• Arkeologiske funn Tysnes v/ UiB (15 min)</li></ul>
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.30	Avreise til Myrdal Gard for omvising

### Sakliste:

Sak 12/24	Godkjenning av Årsmelding 2023
Sak 13/24	Godkjenning av Årsrekneskap 2023
Sak 14/24	Val av valnemnd for styre til Region Sunnhordland IKS
Sak 15/24	Endringar i tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Sunnhordland
Sak 16/24	Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none"><li>a) Moster 2024: «Verdiar i eit lokaldemokrati»</li></ul>
Sak 17/24	Ymse

Sunnhordland, 5. april 2024

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 12. april kl. 08.30  
Haaheim Gard, Tysnes

Sak 12/24  
AMH/thm

### **Godkjenning av Årsmelding 2023**

Styret i region Sunnhordland IKS legg med dette fram årsmelding for 2023. Årsmelding 2023 blir ettersendt 9.april, etter styre har godkjent den.

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner årsmelding for 2023.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 12. april kl. 08.30  
Haaheim Gard, Tysnes

Sak 13/24  
AMH/thm

### **Godkjenning av Årsrekneskap 2023**

Styret i region Sunnhordland IKS legg med dette fram årsrekneskapen for 2023. Årsrekneskap 2023 blir ettersendt 9.april, etter styre har godkjent den.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner årsrekneskapen for 2023.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 12. april kl. 08.30

Haaheim Gard, Tysnes

Sak 14/24

AMH/thm

### **Val av valnemnd for styre til Region Sunnhordland IKS**

Jamfør §9 i selskapsavtalen til Region Sunnhordland IKS skal det opprettast eit styre:

Styret bestå av 5 medlemmer, med numeriske vararepresentantar. Funksjonstida til styremedlemmene er 4 år. Attval kan finne stad.

Styret har ansvar for forvaltninga av selskapet, og har ansvar for at selskapet si verksemd er tilfredsstillande organisert og for dagleg leiar si leiing av verksemda.

Styret skal ha det mynde og ansvar i samsvar med lov og fullmakt frå representantskapet, for å leia selskapet si verksemd.

For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiar.

Styret gjev innstilling i saker som skal leggjast fram for representantskapet.

Administrasjonen i Region Sunnhordland føreslår følgjande stikkord for eit kompetansebasert styre: juridisk kompetanse, økonomi kompetanse, strategi- og forretningsutviklar, HR-kompetanse, erfaring frå det offentlege og verkemiddelapparatet. Vidare føreslår administrasjonen at valnemnda består av to kommunedirektørar og ein ordførar. Ordførarar og kommunedirektørar kan ikkje veljast inn i styret jamfør §10 i Lov om interkommunale selskap (IKS-loven).

#### **Framlegg til vedtak:**

Valnemnda for val av kompetansebasert styre til Region Sunnhordland består av følgjande

1. tbn, kommunedirektørar
2. tbn, kommunedirektørar
3. tbn, ordførar

Valnemnda skal ha klart eit forslag til kompetansebasert styre innan neste regionrådsmøte den 14. juni.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 12. april kl. 08.30

Haaheim Gard, Tysnes

Sak 15/24

AMH/thm

### Endringar i tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Sunnhordland

Vestland fylkesutval vedtok 4. april at «Heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune» skal ut på høyring, med høyringsfrist 20. mai. Det blir fysisk høyringsmøte måndag 15. april kl18.00 på Stord vgs.

I [høyringsforslaget](#) blir følgjande endringar føreslått i Sunnhordland:

- Fitjar vgs. skal leggjast ned då Stord vgs. er ferdig bygd ut gjennom byggjetrinn 2. Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign (FBIE) vert lagt ned tidlegare.
- Stord vgs.: Dei halve klassane på musikk og medium og kommunikasjon vert lagde ned. Skulen må byggjast ut med byggjetrinn 2 og ta over helse og oppvekst, restaurant- og matfag og påbygg frå Fitjar vgs.
- Bømlo vgs.: Påbygging til generell studiekompetanse vert flytta til Stord vgs. då den er ferdig bygd ut.

#### Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet har med interesse gjennomgått fylkesdirektøren sitt forslag til endringar i tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i vår region. Me anerkjenner behovet for å tilpasse og fornye det vidaregåande opplæringstilbodet for å møte framtidige krav til kompetanse og utdanning. Likevel ønskjer me å løfte fram nokre bekymringar og forslag til endringar i det framlagte forslaget, samt understreke viktigeheita av å behalde alle skulane i Sunnhordland.

Sunnhordlandsrådet ser alvorleg på forslaget om nedlegging av dei kreative linjene musikk og media ved Stord vidaregåande skule. Desse studieretningane representerer viktige kreative fagområde som kan bidra til å utvikle ein brei og mangfaldig kompetanse hos ungdommen vår. Musikklinja på Stord er blant dei eldste i Hordaland og innehar eit kompetansmiljø av svært høg kvalitet. Linja spelar ei viktig rolle kulturelt for Sunnhordland, men og nasjonalt. Den 4. april tok til dømes artisten Skaar i mot Spelemannsprisen i kategorien Årets låtskrivar. Ho med fleire har starta si musikk-karriere på Stord vidaregåande skule. Me oppfordrar til ein revisjon av dette forslaget, med sikte på å oppretthalde og styrke desse fagområda, slik at me kan fortsetje å løfte fram talent innan musikk og media.

Vidare er linja frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign føreslått lagt ned ved Fitjar vidaregåande skule. Sunnhordlandsrådet er bekymra for dei negative konsekvensane dette kan ha for regionen, då det er ingen andre vidaregåande skular i regionen som tilbyr programfaga. Det vil svekka lokal næringsutvikling.

Me forstår at det er ynskjeleg for fylkesdirektøren å fylle klassane opp, men når det gjeld dei kreative faga, bør ein vurdere å kunne fortsetje med halve klassar, då det er naudsynt for regionen å tilby andre fag enn studiespesialisering og industrifag. Det er ikkje alle 16-åringar som er klare for å flytta på hybel, og dermed truleg færre frå vår region som kjem til å velje kreative fag, som er eit tap for næringslivet i regionen. Det er avgjerande at alle røyster blir høyrde for å sikre at dei endelege vedtaka best mogleg reflekterer behova og ønskja til innbyggjarane i Sunnhordland.

Me ser fram til eit konstruktivt samarbeid med Vestland fylkeskommune for å finne dei beste løysingane for framtida til vidaregåande opplæring i regionen vår.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 12. april kl. 08.30

Haaheim Gard, Tysnes

Sak 16/24

AMH/thm

### Skriv og meldingar

#### a) **Moster 2024: «Verdiar i eit lokaldemokrati»**

Moster Amfi, Verdiltet

Onsdag 29.05 kl. 15.00 – 17.30.

Registrering, mingling og høve til å kjøpa mat frå kl14.00

Samla påmelding pr. kommune innan 16. mai til [elsa@moster2024.no](mailto:elsa@moster2024.no)

1000-årsjubileet for Kristenretten har dette fokus: «Feira fortid – forma framtid!» Moster 2024 inviterer til ulike verdisamtalar og verdiseminar. Dette seminaret har fokus på lokaldemokratiet.

Mål er å identifisere aktuelle utfordringar i lokaldemokratiet og peike på verdiar som kan hjelpe oss til å ta vare på og vidareutvikle lokaldemokratiet.

Verdiseminaret er ope for alle. Politikarar, administrasjonen og ungdomsråda i Sunnhordland er særleg inviterte.

Medverkande:

- Jan Oddvar Skisland, seniorrådgjevar Universitetet i Agder, ordførar i Kristiansand i to periodar (2003 – 2007, 2019 – 2023)
- Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar Etne
- Jon Askeland, fylkesordførar Vestland
- Frå Moster 2024 AS: Magne Rommetveit, Petter Steen, Jane C. S. Jünger og Svein Arne Theodorsen

Etter verdiseminaret er ein hjarteleg velkommen til å melde seg på festforestillinga «Elden Melder» med Kulturskulane Kl. 18.00 (eiga billettbestilling).